

# VEDTEKTER FOR GRAVPLASSANE I BALESTRAND

*Desse vedtektene er heimla i og kjem i tillegg til gravferdslova (LOV 1996-06-07 nr 32: Lov om gravplasser, kremasjon og gravferd) og tilhøyrande forskrift (Forskrift til lov om gravplasser, kremasjon og gravferd).*

## §1 GRAVPLASSSTILKNYTING

Balestrand kommune har tre gravplassar: Tjugum kyrkjegard, Sæle kyrkjegard og Kvamsøy kyrkjegard. Avlidne personar som ved dødsfallet var manntalsførte i kommunen har rett på fri grav på gravplass i kommunen. Dette gjeld også om den avlidne på grunn av sjukdom eller alderdom har budd utanfor kommunen dei siste fem åra, og av den grunn ikkje er manntalsført der.

Gravplassforvaltninga\* kan gje løyve til at også avlidne personar utan bustad i kommunen kan gravleggjast på ein gravplass i kommunen, men det vert då kravd dekning av kostnader ved gravferda, og avgift som ved feste av grav.

## §2 FREDINGSTID

Alle gravplassane i Balestrand har 30 års fredingstid.

## §3 FESTE AV GRAV

I lag med ei fri grav kan ein feste ei grav ved sidan av for fem år om gongen. Dersom ein ynskjer å feste meir enn ei grav i tillegg til fri grav, må ein søkje gravplassforvaltninga om dette. Desse gravene utgjer då ein gravstad.

Når fredingstida/festetida er ute, kan grava festast vidare for fem år om gongen ved å betale tilsendt krav om festeavgift. Festeavgifta vert fastsett lokalt i kvar kommune. Når det har gått 60 år etter siste gravlegging kan festet ikkje lenger fornyast utan etter særskilt samtykke frå gravplassforvaltninga.



I rimelig tid før fredingstid eller festetid går ut, skal festaren varslast om dette. Dersom festet ikkje er fornya innan seks månader etter at varsel er sendt ut, fell gravstaden attende til gravplassen og kan fritt nyttast om att av gravplassforvaltninga.

Dersom det ikkje er mogeleg å hente inn festaren eller den ansvarlege sitt samtykke til bruk av ei grav kan gravplassforvaltninga avgjere spørsmålet om gravlegging.

Festar pliktar å melde adresseendring.

## §4 GRAV OG GRAVMINNE

Montering av godkjent gravminne kan skje på tilvist plass når jordmassane har sett seg etter oppgraving, normalt etter seks månader. I tida før gravminne kjem opp, syter gravplassforvaltninga

\* "Gravplassforvaltninga" i Balestrand kommune er Balestrand sokneråd. Myndet som ligg til gravplassforvaltninga i det daglege er delegert vidare til kyrkjevjerja i kommunen ( i tråd med vanleg praksis).



for merking av grava, og vil syte for planering og tilsåing. På ny, festa gravstad vert gravminnet plassert i bakkant av den grava som er teken i bruk. Dersom festar ynskjer at gravminnet på festa gravstad vert sentrert mellom gravene kan festar sjølv ta initiativ til dette.

## §5 PLANTEFELT

Det er mogeleg å opparbeide plantefelt framfor gravminnet i høgd med bakken omkring. Dersom det ikkje er aktuelt å ha plantefelt skal det vere grasbakke på alle sider av gravminnet.

**Storleik:** Plantefeltet må ikkje vere breiare enn breidda på gravminnet. Dersom gravminnet er smalare enn 60 cm kan plantefeltet likevel vere opp til 60 cm breitt. Plantefelt framfor gravminnet skal ikkje stikke lenger fram enn 60 cm målt frå gravminnet sin bakkant.



Kven er gravlagd her?

**Planting:** I plantefeltet må det ikkje plantast blomar eller andre vokstrar som overstig gravminnet si høgd, går ut over plantefeltet eller skjuler gravminnet. Det må ikkje plantast noko utanfor plantefeltet.

**Innramming:** Eventuell innramming av plantefeltet skal flukte med terrenget omkring. Innramming med større anleggsflate enn normal kantstein (planteplate) kan difor berre nyttast når terrenget er flatt og skal då leggjast i drenerande masse (grus), og vere minst fem cm tjukk.

**Dekorgjenstandar:** Bruk av faste dekgjenstandar i plantefelt er ikkje tillete. Eventuelle dekgjenstandar montert på gravminnet, på planteplate eller i plantefeltet skal plasserast slik at dei ikkje er til hinder for normalt vedlikehald inntil og rundt gravminnet/plantefeltet.

Dekorgjenstandar skal vere somelege og av ein kvalitet som tåler tilhøva på gravplassen. Lause dekgjenstandar (til dømes stearinlys eller oljelamper) skal fjernast etter bruk.

**Erstatningsansvar:** Gravplassforvaltninga har ikkje erstatningsansvar for skade på dekgjenstandar i plantefelt, innramming av plantefelt eller plater i plantefeltet når skaden skuldast vanleg drift av gravplassen.

## §6 PLANTEMATERIALE

Plantar, kransar og liknande materiale som vert brukt ved gravferd eller pynting av grav, og som endar som avfall, skal kunne komposterast.

## §7 STELL AV GRAV

Den som er ansvarleg for fri grav eller festgrav har rett og plikt til å stelle grava i samsvar med gravplassen sine vedtekter. Plantefelt som over tid ikkje vert stelte, skal ryddast og tilsåast med plenfrø av den ansvarlege eller av gravplassforvaltninga. Gravplassforvaltninga kan mot betaling syte for stell og planting på grav/gravstad eller formidle kontakt med firma som tilbyr dette.

## §8 AVTALE OM GRAVSTELL

Festar eller ansvarleg for grav kan inngå ein avtale om gravstell med gravplassforvaltninga og betaler på forskot for planting og stell på grav/gravstad for eit avtalt tidsrom. Avtalen kan ikkje opprettast for lengre tidsrom enn fredingstida eller festetida varer. Dersom dei innbetalte midlane ikkje strekk til for den avtalte perioden, skal festaren varslast slik at det eventuelt kan tilførast meir midlar. Dersom det står att midlar når avtaletida er ute, vil resterande midlar verte nytta til generell prydnad på gravplassen.

## §9 BÅREROM

Gravplassforvaltninga disponerer eit bårerom i tilknytning til Tjugum kyrkje. Bårerommet skal berre nyttast til å ta vare på avlidne fram til gravferda, og ingen har tilgjenge til bårerommet utan etter løyve frå gravplassforvaltninga. Liksyning kan berre gjerast etter samtykke frå den som syter for gravferda.

## §10 NÆRINGSVERKSEMD

Næringsdrivande som ynskjer å drive verksemd på gravplassane må ha løyve frå gravplassforvaltninga. Løyvet kan kallast attende dersom vedkommande ikkje rettar seg etter gjeldande reglar. Næringsverksemd skal avgrensast til å gjelde montering og vedlikehald av gravminne, og planting og stell av graver.

## §11 RO OG ORDEN

På gravplassen er det ikkje tillate med aktivitetar som uroar gravplassfreden, slik som t.d. sykling, aking, leik eller utøving av sport. Etter gravstell må avfall sorterast i samsvar med oppslag på gravplassen og leggjast i tilhøyrande avfallsdunkar. Reiskap som høyrer gravplassen til, skal setjast attende på plass.

## § 12 VERNA GRAVER/OMRÅDE PÅ GRAVPLASSANE

1. Gravplassforvaltninga har oversyn over graver/område på gravplassane som er vedteke verna og dei aktuelle gravene er merka av på gravkart og i gravregister.
2. For gravene som er inkludert i vernevedtaket er dei aktuelle gravfestarane kontakta og dei har underteikna avtale om sine særskilde rettar og plikter når vedkommande grav vert verna. Ny avtale må gjerast med kvar ny festar. Det kan ikkje krevjast at gravfestar skal inngå slik avtale om vern.
3. Det kan leggast til namn på gravminnet på skriftflata, eventuelt på baksida. Alternativt kan det monterast ei liggande namneplate av same materiale og med same overflatehandsaming som gravminnet har. Storleik og plassering skal godkjennast av gravplassforvaltninga.
4. Når det vert tilvist graver på verna område av gravplassane, vert det lagt til grunn at festarane er villige til å velje gravutstyr som harmonerer med feltets eigenart.
5. Gravplassforvaltninga ber om å få overta gravutstyr på verna graver som fell attende til gravplassen etter siste festeperiode. Dei aktuelle gravene vil ikkje verte nytta til ny gravlegging og vil ikkje verte tilplanta.
6. Gravplassforvaltninga kan etablere godt merka "museumsområde" på gravplassane for å vise gravminne som har verneverdi, men som ikkje står på den opphavelige plassen sin.



---

*Vedteke av Balestrand sokneråd 03.10.2007, Godkjent av Bjørgvin bispedømeråd 04.02.2008.*

*Tekstrevisjon i Balestrand sokneråd 13.06.2017: a) Rammer endra frå Ytre Sogn prosti til Balestrand kommune jf endra prostistruktur frå 18.03.2014 og b) Endra omgrep i tråd med endringar i gravferdslov og forskrift frå 1.1.2012, t.d. bruk av «gravplass» som generelt omgrep i staden for «kyrkjegard».*



## INFORMASJON

### Lover og reglar

Alle tilhøve som er knytt til gravferd og gravplassar er regulerte av gravferdslova (GL) og kyrkjelova med tilhøyrande forskrifter, gjeve av departementet. Desse er tilgjengelege på Internett på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no) og på kyrkjekontoret.

Visse reglar skal så etter lova fastsetjast gjennom lokale gravplassvedtekter (jf. dei 3 føregåande sidene). Ved spørsmål kan du kontakte kyrkjevevja på telefon: a.57 69 15 48 / m.920 60 832

Ut frå spørsmål som ofte dukkar opp har kyrkjevevja her summert opp nokre moment frå gravferdslov og forskrift.

### Definisjonar

- **Fredingstid** – tida ei grav automatisk er verna mot å brukast til ny gravlegging på ein gravplass. I Balestrand er fredingstida 30 år.
- **Fri grav** – ei ny enkelt grav som vert teken i bruk. Fri/gratis i fredingstida.
- **Festa grav** – ein grav ein betaler for å disponere/rå over ei viss tid.
- **To former for feste:**
  - a) førehandsfeste av grav ved sidan av fri grav
  - b) feste av fri grav etter at friperioden på 30 år har gått ut.

### To presiseringar

- Ei grav som er festa vil aldri endre status til fri grav. Ein betaler festeavgift for å halde av grava før ho vert teken i bruk og held fram med å betale etter at ho er teken i bruk. Ein betaler altså festeavgift frå fyrste år og så lenge ein ynskjer å disponere grava.
- **Bruk av fri grav til urnenedsetjing:** Ei fri grav kan brukast ved fleire dødsfall i løpet av den første fredingstida ved å nytte kremasjon /urne. Dersom ei kiste t.d. vert sett ned i 2012 er grava fri fram til 2042. Ei urne kan då setjast ned i same grava i 2017 og grava vert fri i nye 30 år til 2047.

### Feste av grav attmed ektefelle

Fleire festarar har reagert på at ein må betale festeavgift for grav attmed ektefelle gravlagd i fri grav – særleg etter at også den andre grava er teken i

bruk. Denne praksisen fylgjer av definisjonane av fri og festa grav, samt vedtekne festeavgifter.

Balestrand sokneråd ynskjer samstundes å informere om ei praktisk løysing på dette: Festetida er no fem år og kvart 5.år får ein dermed høve til å vurdere om ein skal forlenge festet av ei grav eller om grava skal gå attende til gravplassen.

Ved fyrste festeforfall etter gravlegging i grav nummer to er det då høve til å berre feste vidare grava som fyrst vart teken i bruk - grava der gravsteinen står. Grava som sist er teken i bruk kan då ikkje lenger disponerast av festar, men grava vil likevel vere freda i 30 år etter gravlegging og kan ikkje brukast av andre i denne perioden.

### Ansvar for gravferd og grav (feste)



### Ansvar for gravferd

#### Ansvar og rettar for personen som syter for gravferda (GL§9)

Den som syter for gravferda bestemmer om det skal vere kistegravferd eller kremasjon med urnenedsetjing. Den som syter for gravferda er også den som bestemmer om det skal vere ei gravferdshandling og kva seremoni ein skal bruke (kyrkjeleg / borgarleg). Dei aller fleste vil nok søkje å rette seg etter ynske frå den avlidne, men det er altså den som syter for gravferda som bestemmer.

#### Kven skal syte for gravferda?

Ein person kan etter gravferdslova §9 for han døyrt gjere avtale med ein annan person om å syte for gravferda. (Krav: Ei skriftleg erklæring som er datert og

underskrive av baa.) Dersom det ikkje er sagt noko om dette vil retten til å syte for gravferda høyre til personar som er over 18 år og blant dei næraste etterletne i denne rekkefylgja:

Ektefelle, born, foreldre, barneborn, besteforeldre, sysken, sysken sine born og foreldre sine sysken.

For slektningar som er "like nære" (t.d. ein syskenflokk) er det ikkje rangering etter alder - alle har lik rett og må bli einige seg i mellom.

Ved strid om dette er det kommunen som avgjer. Festeansvaret inneber ei tilsynsplikt og det er ofte naturleg å velje ein person som bur nærare gravplassen.

### Ansvar for grav/gravstad

#### Skilnad på ansvarleg og festar

Lova skil mellom ansvarleg for fri grav og festar for festa grav / gravstad. Skilnaden er at ein betaler for å feste ei grav.

#### Ansvar og rettar til ansvarleg/festar

Den som er festar av ei grav er suveren til å bestemme

- a) kven som skal gravleggjast i grava
- b) om det skal stå gravminne på grava
- c) kva gravminne ein vil nytte.

Det er festaren som er registrert som eigar av gravminnet og den ansvarlege skal difor vere ein fysisk person som sørgjer for at det vert ført jamleg tilsyn med at grav og gravminne er i samsvar med lover og forskrifter (jf. sikring av gravminne, planting).

#### Kven skal vere ansvarleg/festar?

To situasjonar der dette spørsmålet dukkar opp:

A) I samband med ei gravferd har den som syter for gravferda rett til å verte ansvarleg for grava, så lenge ikkje andre skriftleg gjev krav på denne retten ovafor kommunen som så avgjer. Det er likevel ikkje uvanleg at ein syter for gravferda medan ein annan vert ansvarleg for grava.

B) Når festar av ei grav døyrt er det etter §16 i gravferdslova dødsbuet som skal peike ut personen som skal ta over festeansvaret og gje Balestrand sokneråd melding om dette.

Dersom fleire personar er "like nære" i høve til den avlidne og det skulle verte usemje om kven som skal ta over festeavtalar den avlidne hadde ansvar for, må saka leggjast skriftleg fram for Balestrand sokneråd for avgjerd.